

STADT NYVINNING MED ELEKTRISK FRAMDRIFT

Etter 7 års utviklingsarbeid er den nye generasjon diesel-elektrisk framdriftssystem no idriftsett på 4 skip, nemleg "Sanco Star", "Harto" og "Sanco Spirit" og "Stokke Senior". Tilsaman har desse båtane 12600 kW heil-elektrisk framdrift.



STADT AS som held til i Gjerdsvika, har hausta lang driftserfaring frå aktiv bruk av systemet om bord i "Sanco Star". Erfaringane derifrå, og no også frå dei 3 siste skipa som har vorte idriftsette, er udelt positive, seier Hallvard Slettevoll, dagleg leiar i STADT AS. Systemet har vist seg både robust og effektivt. Det er mange års erfaring med utvikling av frekvensomformarteknologi som har ført fram til den nye teknikken. I 2001 tok ABB over PWM-omformarteknologien som STADT hadde utvikla, og produserer desse produkta den dag i dag for den internasjonale skipsmarknaden. STADT AS starta etter dette utviklinga av den nye teknologien, som no er vel utprøvd.

TEKNOLOGIUTVIKLING SKAPER NYE GRØNE ARBEIDSPASSAR

Selskapet merkar stor interesse frå mange delar av verda for det nye systemet, og trur difor at dei vil stå seg godt sjølv om tidene no kan vere noko vanskelege. STADT-selskapet har hatt ei god utvikling siste åra, og den nye velprøvde teknologien vil gi selskapet eit stort løft vidare. Ny fabrikk og internasjonal satsing står no for tur. Den viktigaste faktoren for at selskapet kan sjå føre seg ei slik utvikling, ligg i det faktum at desse produkta utgjer eit sentralt element i arbeidet med å redusere oljeforbruk, CO₂, CO og NO_x utsleppa på skip og derigjennom betrar klimarekneskapet. Skip med STADT sin nye teknologi vil kunne dokumentere opp til 50 % reduksjon i forbruk og utslepp samanlikna med eldre typer skip som har vanleg diesel-framdrift. Ein stor andel av dei skipa som er i bruk i verda i dag, har slike tradisjonelle løysingar, medan ein i Norge siste åra har sett ein kraftig tendens i å ta i bruk ny elektriske framdriftsteknologien som den STADT no tilbyr. Eldre skip kan i mange tilfelle nokså enkelt oppgradere framdriftsanlegga sine med

den nye STADT –teknologien, oftast uten å endre på propell og gear.

STADT Stascho-teknologien, som er patentert, gir rederi og verft ei rekkje fordelar samanlikna med dei løysingane som før vart brukt på typiske diesel-elektriske system .

Det som kan vere noko av det viktigaste nye, er at dei elektriske tapa igjennom systemet er heilt minimaliserte, og faktisk redusert med heile 60 % i høve til konkurrentar.

Dette gjer det endå meir aktuelt å ta i bruk elektrisk framdrift på dei fleste typer skip, frå fiskefartøy og opp til dei største cruiseskipa.

Andre viktige forbetringar er at all elektrisk og akkustisk støy er heilt fjerna, ved at ein har gått over frå såkalla PWM til Sinus elektromotorstyring.

Dette er i den patenterte STADT-løysinga muleg utan å bruke store og tunge transformatorar som hittil har vore vanleg i desse systema . Plass og vekt vert no redusert, samtidig som tap og kompleksitet vert redusert. Og for kvar komponent ein kan fjerne, reduserer ein også ei muleg feilkilde.

STADT kan no levere komplette systemet i alle effektstørrelsar, heilt opp til 50 Megawatt , noko som dekkjer alle typer fartøy med elektrisk framdrift.



BILDE AV STADT INSTALLASJON PÅ ” SANCO SPIRIT ”